

A person with long blonde hair, wearing a patterned sweater and red pants, is sitting on a rocky mountain peak. They are looking out over a vast landscape featuring a large blue fjord, surrounded by rugged mountains under a blue sky with scattered white clouds. The scene is captured from a high vantage point, looking down at the person and across the valley.

**Sogn Sparebank**  
**Alternative resultatmål**  
**APM**  
**2022**



## Innhold

Alternative resultatmål (APM) i Sogn Sparebank pr. 31.12.2022.....	3
Måltal lønsemd.....	3
a) Resultat i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital .....	3
b) Eigenkapitalrentabilitet .....	3
c) Kostnadsprosent .....	4
Måltal finansiering, soliditet og vekst.....	4
d) Brutto utlån.....	4
e) Brutto utlånsvekst siste 12 måneder .....	4
f) Innskotsdekning .....	5
g) Lån i Eika Boligkreditt AS (EBK) .....	5
h) Totale utlån på egen balanse og under forvaltning.....	5
i) Eigenkapitalandel .....	5
Måltal nedskrivningar .....	6
j) Nedskrivning i % av utlån.....	6
k) Tap på utlån i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital .....	6
Måltal eigenkapitalbevis .....	6
l) Utbyte pr. eigenkapitalbevis .....	6
m) Eigenkapital pr. eigenkapitalbevis.....	6
n) Kurs pr. eigenkapitalbevis .....	7

## Alternative resultatmål (APM) i Sogn Sparebank pr. 31.12.2022

Banken avlegg årsrekneskap i tråd med International Financial Reporting Standards (IFRS) som er fastsett av EU. Alternative resultatmål (APM) er finansielle måltal som ikkje er definert under IFRS.

Banken sine APMar må ikkje sjåast på som ein substitutt for talstorleikar som følgjer av banken sitt årsrekneskap under IFRS, men som eit supplement. Måltala er dei same som blir nytta for interne styringsføremål og skal bidra til at rekneskapsbrukarane kan få auka innsikt i banken si finansielle stilling og resultat. APMar er presentert i følgjande rapportering frå banken:

- Delårsrapportering under avsnitt «Hovudtal»
- Delårsrapportering under avsnitt «Styret si melding»
- Årsrapportering under «Styret si årsmelding»
- Årsrapportering under avsnitt «Forholdstal»

Banken sine APMar er i det følgjande definert, forklart og avstemt mot relevante storleikar frå årsrekneskapen. Alle APMar er presentert med samanlikningstal. APMane som er nemnt under, har i stor grad vore brukt konsistent over tid.

Banken gjer merksam på at banken sine definerte resultatmål kan avvike frå andre bankar sine definisjonar av likelydande måltal.

### Måltal lønsemd

#### a) Resultat i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital

Banken gir opp alle resultatstorleikar i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Gjennomsnittleg forvaltningskapital er berekna som eit gjennomsnitt av utgåande månadstal siste 13 månader. Det blir vist til avstemming av målalet «tap på utlån i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital» under som illustrerer korleis berekninga er gjort for resultatstorleiken tap på utlån. Målalet er annualisert i delårsrapporteringa.

#### b) Eigenkapitalrentabilitet

Målalet angir avkastinga på eigenkapitalen og reflekterer banken sin evne til å omsetja kapitalen til lønsam verksemd. For banken er dette eit viktig måltal då det er klar samanheng mellom eigenkapitalavkastning, vekstkapasitet og soliditet. Målalet er annualisert i delårsrapporteringa.

Tal i tusen kroner	2022	2021	2020	2019	2018	Henvising
<b>Talstorleikar frå årsrekneskap (konsern):</b>						
Resultat etter skatt	67.293	52.171	33.267	28.718	20.229	(A)
Resultat etter skatt korrigert for renter på fondsobligasjon	-2.330	-1.804	-2.071	-2.234	-1.863	(B)
<b>Resultat etter skatt korrigert for renter på fondsobligasjon</b>	<b>64.963</b>	<b>50.367</b>	<b>31.196</b>	<b>26.484</b>	<b>18.366</b>	<b>(C) = (A) + (B)</b>
Sum egenkapital	1.029.764	980.788	925.574	875.213	404.115	(D)
Fondsobligasjon	-40.000	-40.000	-40.000	-40.000	-40.000	(E)
<b>Sum egenkapital etter korreksjon for fondsobligasjon</b>	<b>989.764</b>	<b>940.788</b>	<b>885.574</b>	<b>835.213</b>	<b>364.115</b>	<b>(F) = (D) + (E)</b>
<b>Berekening av forholdstal:</b>						
Eigenkapitalrentabilitet	6,61 %	5,35 %	3,52 %	4,47 %	5,25 %	(C)

### c) Kostnadsprosent

Måtalet reflekterer banken si evne til å omsetje driftsaktivitetane sine (målt gjennom driftskostnader eksklusive tap på utlån) til erverving av inntekt (målt ved totale netto driftsinntekter eksklusive netto gevinst/tap på finansielle instrument). For banken er dette eit viktig måltal då det viser kor effektivt banken blir drive.

Tal i tusen kroner	2022	2021	2020	2019	2018	Henvising
<b>Talstorleikar frå årsrekneskap (konsern):</b>						
Netto renteinntekter	134.555	112.137	106.787	104.933	63.184	(B)
Netto vinst/tap på finansielle instrument	5.549	5.689	6.288	7.403	1.321	(C)
Netto andre driftsinntekter	51.433	46.690	46.804	52.840	33.951	(D)
Sum driftskostnader før tap på utlån	95.210	95.304	104.202	102.051	67.396	(A)
<b>Berekening av forholdstl:</b>						
Kostnadsprosent	52,77 %	57,93 %	65,18 %	67,87 %	70,34 %	(A)/((B)+(D)-(C))

## Måltal finansiering, soliditet og vekst

### d) Brutto utlån

Måtalet reflekterer totale utestående lån med frådrag for endeleg tapsførte lån i balansen til banken. Måtalet er viktig, då det reflekterer aktiviteten i banken si kjerneverksemd, og gir eit bilete av den utestående kreditteksponeringa mot banken sine kundar før det blir teke omsyn til avsetning for forventa tap på utlån.

Tal i tusen kroner	2022	2021	2020	2019	2018	Henvising
<b>Talstorleikar frå årsrekneskap:</b>						
Utlån til kundar	5.941.914	5.787.656	5.795.930	5.451.846	3.067.723	(A)
Nedskrivningar	32.131	27.078	41.003	36.128	9.831	(B)
<b>Brutto utlån</b>	<b>5.909.783</b>	<b>5.760.578</b>	<b>5.754.927</b>	<b>5.487.974</b>	<b>3.077.554</b>	<b>(A) + (B)</b>

### e) Brutto utlånsvekst siste 12 månader

Måtalet reflekterer utlånsveksten i banken siste 12 månader. For banken er dette eit viktig måltal då det reflekterer aktiviteten og veksten i banken si utlånsverksemd innanfor person- og bedriftsmarknaden. Banken ser veksten i utlånsporteføljen opp i mot den vekstkapasiteten banken har, jamfør beskriving av eigenkapitalrentabilitet.

Tal i tusen kroner	2022	2021	2020	2019	2018	Henvising
<b>Talstorleikar frå årsrekneskap:</b>						
Utlån til kundar	5.941.914	5.787.656	5.795.930	5.415.718	3.067.723	
Nedskrivningar	31.131	27.078	41.003	36.128	9.831	
<b>Brutto utlån</b>	<b>5.910.783</b>	<b>5.760.578</b>	<b>5.754.927</b>	<b>5.451.846</b>	<b>3.077.554</b>	<b>(B)</b>
Fusjonseffekt				2.175.765		
Endring i brutto utlån	154.258	-8.275	303.081	198.527	231.714	(A)
<b>Berekening av nøkkeltal:</b>						
Brutto utlånsvekst siste 12 månader	2,61 %	-0,14 %	5,56 %	3,64 %	8,14 %	(A)/(B)

## f) Innskotsdekning

Måtalet viser andelen av banken sine brutto utlån, jamfør definisjon ovanfor, som blir finansiert av innskot frå kundar. For banken er dette eit viktig måltal fordi innskot frå kundar normalt gir banken ein lågare fundingkostnad samanlikna med marknadsfinansiering i form av obligasjonar. Måtalet viser banken si avhengigheit av marknadsfinansiering.

Tal i tusen kroner	2022	2021	2020	2019	2018	Henvising
<b>Talstorleikar frå årsrekneskap (morbank):</b>						
Brutto utlån	5.941.914	5.787.656	5.754.927	5.451.847	3.077.554	(A)
Innskot frå kundar	5.563.750	5.439.876	5.389.377	5.121.488	2.865.534	(B)
Innskotsdekning	93,64 %	93,99 %	93,65 %	93,94 %	93,11 %	(B)/(A)

## g) Lån i Eika Boligkreditt AS (EBK)

Måtalet viser totalt utestående lån som banken har formidla til Eika Boligkreditt AS (EBK). Måtalet er viktig då det reflekterer det vedvarande inntekspotensiale frå forvaltning av lån formidla til EBK.

Tal i tusen kroner	2022	2021	2020	2019	2018
Lån i Eika Boligkreditt AS	882.500	956.882	1.019.575	1.102.935	1.092.653

## h) Totale utlån på eigen balanse og under forvaltning

Det vert vist til skildring av «Lån i Eika Boligkreditt AS» ovanfor. For banken er dette eit viktig måltal, då det reflekterer den samla aktiviteten og veksten i banken si utlånsverksemd.

Tal i tusen kroner	2022	2021	2020	2019	2018	Henvising
<b>Relevante talstorleikar:</b>						
Brutto utlån	5.941.914	5.787.656	5.795.930	5.451.846	3.077.554	(A)
Eika Boligkreditt AS	882.500	956.882	1.019.587	1.102.935	1.092.653	(B)
<b>Totale utlån på eigen balanse og under forvaltning</b>	<b>6.824.414</b>	<b>6.744.538</b>	<b>6.815.517</b>	<b>6.554.781</b>	<b>4.170.207</b>	<b>(A) + (B)</b>

## i) Eigenkapitalandel

Måtalet viser andelen av banken sine totale eigendelar som er finansiert ved total bokført eigenkapital. Måtalet er viktig fordi det gir eit bilete av banken sin soliditet uavhengig av korleis banken sine eigendelar er risikovekta etter kapitaldekningsreglane. Målet viser banken sin buffer mot verdifall på banken sine eigendelar.

Tal i tusen kroner	2022	2021	2020	2019	2018 Henvising
<b>Talstorleikar frå årsrekneskap</b>					
Sum eigenkapital	1.069.764	980.787	924.971	902.153	404.115 (A)
Sum eigendelar	7.249.287	7.250.172	7.134.646	6.677.220	3.746.803 (B)
Eigenkapitalprosent	14,76 %	13,53 %	12,96 %	13,51 %	10,79 % (A)/(B)

## Måltal nedskrivningar

### j) Nedskrivning i % av utlån

Måtalet viser kor stor del av brutto utlån det er føreteke nedskrivningar for forventa tap på. Måtalet er viktig fordi det gir informasjon om banken si kreditteksponering og risikonivået i utlånsporteføljen.

Tal i tusen kroner	2022	2021	2020	2019	2018 Henvising
<b>Talstorleikar frå årsrekneskap</b>					
Utlån til kundar	5.941.914	5.787.656	5.795.930	5.415.718	3.067.723 (A)
Nedskrivningar	32.131	27.078	41.003	36.128	9.831 (B)
<b>Brutto utlån</b>	<b>5.909.783</b>	<b>5.760.578</b>	<b>5.795.930</b>	<b>5.451.846</b>	<b>3.077.554 (C) = (A) + (B)</b>
Nedskrivning i % av utlån	0,54 %	0,47 %	0,71 %	0,66 %	0,32 % (B)/(C)

### k) Tap på utlån i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital

Måtalet viser banken sitt resultatførte tap på utlån i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Måtalet er viktig fordi det gir eit relevant bilete av utviklinga i tap på utlån over tid. Måtalet er annualisert i delårsrapporteringa.

Tal i tusen kroner	2022	2021	2020	2019	2018 Henvising
<b>Talstorleikar frå årsrekneskap</b>					
Tap på utlån	6.525	4.412	18.965	24.296	4.596 (A)
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	7.457.488	7.250.385	7.001.660	6.661.747	3.677.463 (B)
Nedskrivning i % av utlån	0,09 %	0,06 %	0,27 %	0,36 %	0,12 % (A)/(B)

## Måltal eigenkapitalbevis

### l) Utbytte pr. eigenkapitalbevis

Måtalet viser styret sitt framlegg til utbytte pr. eigenkapitalbevis. Måtalet er viktig, då det kan nyttast til å berekne eigenkapitalbevisegarane si direkteavkastning.

Tal i tusen kroner	2022	2021	2020	2019	2018 Henvising
<b>Relevante talstorleikar:</b>					
Disponering utbytte på eigenkapitalbevis (i NOK 1.000)	6325	3.478	4.024	1.898	1.265 (A)
Tal eigenkapitalbevis (i tusen)	6325	633	633	633	633 (B)
Utbytte pr. eigenkapitalbevis NOK	10.00	5,5	6,5	0	2 (A)/(B)

### m) Eigenkapital pr. eigenkapitalbevis

Måtalet gir informasjon om verdien av eigenkapital pr. eigenkapitalbevis målt på balansedagen. Eigenkapitalstorleiken som blir nytta er korrigert for utestående beløp på fondsobligasjon. Måtalet er viktig fordi det gir eigenkapital-

beviseigarane i banken ein målestokk for å vurdere eigenkapitalbevisa si prising i aksjemarknaden på balansedagen.

<b>Relevante talstorleikar :</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Innskutt eigenkapital(EK bevis)	31.625.000	31.625.000	31.625.000	31.625.000
Overkursfond	32.812.000	32.811.732	32.811.732	32.811.732
Utjæmningsfond	57.547.475	51.871.000	54.784.827	42.454.296
<b>SUM eigenkapital tilswelt Eieigenkapital bevisa</b>	<b>121.984.475</b>	<b>116.307.732</b>	<b>119.221.559</b>	<b>106.891.029</b>
Tal eigenkapitalbevis	632500	632500	632500	632500
<b>Bokført eigenkapital pr. eigenkapitalbevis i NOK</b>	<b>193</b>	<b>184</b>	<b>188</b>	<b>169</b>

#### n) Kurs pr. eigenkapitalbevis

Måtalet gir informasjon om kursen (siste) pr. eigenkapitalbevis, og er henta frå Oslo Børs på siste handledag i rekneskapsåret. Måtalet er viktig fordi det viser korleis banken er prisa i eigenkapitalmarknaden på balansedagen.

Tal i tusen kroner	<b>2022</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>
Kurs pr. eigenkapitalbevis siste handledag NOK	134	144	105	107	104





**Sogn**  
SPAREBANK

Org. nr.: 837 897 912

Telefon: 57 64 85 10

[www.sognbank.no](http://www.sognbank.no)

[post@sognbank.no](mailto:post@sognbank.no)

---

Aurland • Lærdal • Vik  
Sogndal • Årdal • Bergen

